



Ved mistanke om våpen på skulen:

Mistanke kan vere at:

- Elevar melder inn at dei har sett eller høyrte at elevar har med seg våpen.
- Eleven seier sjølv at våpen er tatt med på skulen.
- Andre har høyrte, eller sett, at elevar har med seg våpen.
- Tilsette fattar mistanke grunna ein skade har skjedd.

Våpen kan vere:

- Pistol, softgun, kniv eller andre farlege gjenstandar.

Ved mistanke om våpen:

- Leiinga må varslast.
- Ikkje gå frå elevar slik at dei er åleine med «mistenkt» elev.
- Ikkje ver aleine når eleven blir konfrontert med mistankane.
- Dersom du vurderer situasjonen som uoversiktleg, kontakt politiet direkte.
- Om ikkje, gjer følgjande:
 - o Sørg for at to tilsette får eleven inn på eit eige rom, (bruk gjerne to som kjenner eleven godt og har god relasjon med eleven).
 - o Fortel om bekymringa de har/ kvifor de gjer dette.
 - o Informer eleven om at det er naudsynt å sjå i sekken, baggen og liknande.
 - o Be eleven tømme sekk og bag.
- Dersom ein ikkje finn våpen, og det er ingen mistanke om at noko er gøymt, kan eleven gå attende til klasserommet.
- Heim skal alltid varslast uansett om ein finn våpen eller ikkje. Leiinga varslar.

Ved synleg våpen, i ein truande situasjon, skal alltid politi kontaktast umiddelbart. Ring 112.

I etterkant av ein episode med synleg våpen og politi er det viktig at tilsette og leiing samlast for å evaluere prosedyre og hending.



Ved trugsler frå elev:

Dersom du kjenner på at trugselen som kjem er av ein slik art at du kjenner deg utrygg skal du:

- Melde frå om dette til leiinga og kontaktlærar.
- Skrive avviksmelding om dette snarast.
- Snakke med eleven.
- Leiinga kontaktar heim.

Vidare samtale med elev vil avgjere om vi melder dette inn vidare til andre instansar som Politi.

Dersom elev har kome med utsegner som blir oppfatta som truande og tilsette kjenner seg utrygge så skal:

- Det setjast inn ressursar slik at det er ein ekstra vaksen kan vere til stades i timane.
- Dette er særskild viktig å tenkje på i timar med KH eller mat/ helse. Her er det lett tilgang til « våpen» i form av utstyr og knivar.

Ved trugslar frå føresette:

Dersom du som tilsett får utsegn/sms eller liknande frå føresette som gjer at du kjenner deg trua, så skal du gjere dette:

- Ta kontakt med leiinga. De må saman drøfte om dette er av ein slik art at det må politimeldast.

Vi skal vere ekstra merksame i desse tilfella:

- Tilsett er åleine med elev(ar), som det er knytt uro kring.
- I klasserom eller grupperom der elevar det er knytt uro kring oppheld seg, er det viktig at det er fjerna lause gjenstandar som kan brukast som slagvåpen. Dette kan vere sakser, gardinstenger o. l.
- I tilfelle der elev (ar) det er knytt uro kring opplever ekstra utfordrande heimesituasjon, så kan det bli auke i utagering.



Leiing må hugse dette:

- Gjennomgang av elevar det er knytt uro kring. Dette bør vere ved oppstart på skuleåret.
- Legge til rette for erfaringsbasert kunnskapsdeling. Dette skjer i «elevmøter»
- Informere nyttilsette om elevar det er knytt uro kring.
- Orienterere om prosedyre for vald og trugslar.
- Informere så snart dei kan om endringar i livssituasjon til elevar det er knytt uro kring.